



REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE DETALJREGULERINGSPLAN JOSTEDALSBREEN GONDOL

Oppstartsmøte er halde etter initiativ frå forslagsstillar		
Møtestad:	Sunnfjord Rådhus, 5.etasje, møterom Storehesten	Møtedato: 31.08.22 Kl.08.30-11.30
Deltakarar frå forslagstillar:		Deltakarar frå kommunen:
Forslagstillar:	Jostedalsbreen AS <ul style="list-style-type: none">• Ola Fugle, styreleiar• Steinar Dvergsdal, nestleiar• Andre Sunde, styremedlem• Oddmund Klakegg, sekretær	<ul style="list-style-type: none">• Odd Harry Strømsli, einingsleiar areal og byggesak• Patrick Langeland, by- og arealplanleggjar
Grunneigar/ tiltakshavar:	Gnr . 332 og bnr. 1,2,3 og 8, samt gbnr 376/1	
Plankonsulent:	Norconsult AS, Johannes Henrik Myrmel, plankonsulent	
Andre: (teams)	Norconsult AS, Iren Meisterplass, fagansvarleg veg Norconsult AS, Håvar Parr Dimmen, fagansvarleg trafikktryggleik/skilting	
Nasjonal planID	464720220006	

Føremålet med møtet er å informere og drøfte planlagt innhald og vilkår i ny plan, og avgrensing av planområdet. Kommunen avklarar plansituasjonen for området, krav til ny planlegging, offentlege føresetnader, og kva som skal til for å få ein god plan og planprosess.

Kommunen sine vurderingar er faglege, generelle og av førebels karakter. Naboprotestar, uttale frå offentlige mynde og politiske vedtak m.m. vil kunne bringa inn nye moment eller føra til krav om/behov for endringar i planarbeidet undervegs. Oppstartsmøtet skal avklare aktuelle tema og spørsmål, men skal ikkje avgjera viktige punkt som vert føresett opplyst om og utgreidd i vidare planprosess fram til endeleg politisk vedtak.

1. Faktadel/ Planføresetnader

1.1 Framlagt materiell

Følgjande dokumentasjon er innsendt frå forslagsstillar før møtet:

1.1.1 Dokumentasjon

- Tingingsskjema for oppstartsmøte
- Kart som viser planavgrensning M 1:1000/1:5000
- Forslagsstillar si vurdering i høve KU-forskrifta

1.1.2 Dokumentasjon

- Oversiktskart
- Omtale av det planlagde prosjektet

- Omtale av aktuelle tema for drøfting
- Illustrasjonar eller liknande
- Anna, spesifiser
 - Notat – Samordning
 - Notat – Glacier Gondol
 - Notat – Trafikkgrunnlag og TS
 - Notat – Fråvik
 - Oppstart – Tiltakssoner
 - Skredfarevurdering
 - Moglegheitsstudie skredsikring
 - Fastsettelse av 200 års flaumvassføring ved Langhaugen
 - Vurdering av flaumvasstand ved Langhaugen
 - Flaumsonekart
 - Modell frå Statens Vegvesen

1.2 Omtale av planområdet

Føremål med planen/kort omtale av ønska tiltak: Legge til rette for etablering av gondolbane i Kjøsnesfjorden mellom Lundebotn og Tverrfjellet, med høvesvis botnstadion og tilhøyrande infrastruktur ved Rv.5 og toppstasjon på toppen av Tverrfjellet.

Storleik på planområdet, ca. daa: 500 daa

Eksisterande arealbruk (t.d. bygningar, landbruk, friluftsområde, naturområde): *Landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF), samt samferdselsanlegg knytt til Rv.5.*

1.3 Plansituasjonen/gjeldande planar i området

- Arealdel til kommuneplanen: LNF-formål og hovudveg – på bakken.
- Gjeldande reguleringsplan: Klikk her for å skrive inn tekst.
- Ev. omkring liggjande reguleringsplanar: Detaljreguleringsplan for Rv.5 Kjøsnesfjorden, vedtatt 2015. Etablering av tunnel langs ein stor del av den nord-austlege delen av Kjøsnesfjorden. Prosjektet er under utarbeiding.
- Planen vil erstatta delar av følgjande planar: Truleg delar av pågående detaljreguleringsplan for Rv.5 Lundebotn – Fjærlandstunnelen

1.4 Tilhøve til gjeldande planar

- Planarbeidet er i samsvar med gjeldande plangrunnlag
- Planarbeidet er i strid med gjeldande plangrunnlag på følgjande punkt.
 - Ikkje i samsvar med gjeldande arealdel, i bakgrunn oppheva bandleggingssone og vesentleg endring frå tunnel- til gondolbaneprosjekt.

1.5 Pågående planarbeid i nærleiken

- Det føregår ikkje planarbeid i området etter det kommunen kjenner til.
- Det føregår følgjande planarbeid i området: (planens namn og føremål)
 - **Rv. 5 Lundebotn – Fjærlandstunnelen, SVV**
 - Pågående planarbeid med detaljreguleringsplan for Rv.5 Lundebotn – Fjærlandstunnelen, eit trafikktryggleiksprosjekt med etablering av kjettingplassar og krabbefelt ved tunnelopninga til Fjærlandstunnelen

1.6 Planprogram og konsekvensutgreiing

Utløyser planen krav om planprogram og konsekvensutgreiing?

- ja, jmf. §§: 6, 7 og 8 i forskrift om konsekvensutgreiing.

Førebelgs grunngjeving: Kommunen vurderer ikkje tiltaket til å automatisk utløyse krav om planprogram jamfør KU-forskrifta, men som planmynde ser kommunen fleire fordelar med å sette krav om planprogram og utgreiingsprogram, særleg for å i ein tidleg fase avklare krav til rammer og utgreiingsprogram mellom privat forslagstillar og overordna myndigheter. Kommunen vurderer også at det er aktuelle KU-tema som kan få vesentleg verknadar for samfunn og miljø, og som bør utgreiast ytlegare som ein del av planarbeidet. Dette vert ytlegare drøfta under punkt 1.9.

- nei

Dersom planen utløyser krav om planprogram og KU, skal forslag til planprogram og utgreiingsprogram liggje føre når det vert meldt oppstart av planarbeid. Planprogrammet skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn samstundes med oppstartsmeldinga.

1.7 Kan kommunen rå til oppstart?

- Det kan meldast oppstart av planarbeid. [Klikk her](#) for å skrive inn tekst.
- Melding om oppstart av planarbeid kan ikkje skje før søknad om oppstart av planarbeid med grunngjeving er sendt inn og spørsmålet om igangsetjing deretter har vore lagt fram for politisk handsaming. Tiltaket må opp til politisk handsaming i bakgrunn av at det ikkje er i samsvar med overordna plan, og at det ikkje er avklart om arealformålet skal takast inn og ev. på kva vilkår. Det er også komt politisk innspel til ny arealdel om å ta ut bandleggingssona, samt at området er ein del av ei aktuell nasjonal omsynssone for kulturlandskap (KULA). Om det er vesentleg usemje mellom planmynde og forslagstillar om oppstart, er det også ynskjeleg å få ei politisk handsaming tidleg i planprosessen.
- Det vert ikkje rådd til oppstart av planarbeid, jf. pbl § 12-8, 2. ledd, fordi: [Klikk her](#) for å skrive inn tekst.

Forslagsstillar kan krevje planinitiativet førelagt bystyret til endeleg avgjersle.

1.8 Plantype

- Planen skal utarbeidast som detaljregulering, jf. § 12-3.
- Planen skal utarbeidast som områderegulering, jf. §12-2. (kommunen har ansvar for gjennomføring av planarbeidet, ev. kan det inngåast avtale med private om å stå for heile eller deler av det planfaglege arbeidet innafor dei rammer kommunen bestemmer, og dekke kostnadene ved dette heilt eller delvis).

1.9 Drøfting i møte

A. Felles løysing med Rv.5

Forslagstillar/plankonsulent:

- Jostedalsbreen AS er oppteken av at arbeida vert samordna og at Statens vegvesen lykkast med å få på plass vedteken plan slik at regulariteten/framkomma/tryggleik vert ivaretake. Planarbeida er overlappande. Jostedalsbreen AS har teke initiativ til felles planlegging av areala langs Rv.5 for å få på plass ei samordna plan gjennom ein samskapingsprosess. Dette arbeidet har Statens vegvesen trekt seg frå. Jostedalsbreen AS oppfordrar kommunen til å krevje at planane vert samordna. Dersom det ikkje lykkast, bør kommunen vurdere å samordne dei to planframlegga. Jostedalsbreen AS er innstilt på å samarbeidet tett med kommunen og Statens vegvesen for å få det til.
- Det vert synt til vedlagt notat av 15. juni 2022 som følgjer som vedlegg til dette referatet. Ein syner i den samanheng særskilt til «*Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*». Retningslinjene skal leggast til grunn for planlegging og utøving av mynde etter plan- og bygningslova i kommunar, fylkeskommunar og hjå statleg mynde. Formålet med retningslinjene er å oppnå ei betre samordning av arealplanlegging og transportplanlegging både i kommunen og på tvers av kommunar, sektorar og forvaltningsnivå.

Planmynde:

- Jostedalsbreen AS har ikkje lykkast med å få til ei felles regulering saman med SVV, og kommunen oppfordra dermed forslagsstillar til å tinge eit eige oppstartsmøte.
- Planmynde vurderer SVV sitt prosjekt med Rv.5 Lundebotn – Fjærlandstunnelen og etablering av forbikøyringsfelt og kjettingplass som viktig
- Oppfordrar til eit godt samarbeid mellom Gondolbaneprosjektet og SVV sitt Rv.5 trafikktryggleiksprosjekt, tross at det er to separate saker
- Ein må prøve å unngå ein situasjon der ein ender opp med at ingen av prosjekta vert realisert

B. Krav om konsekvensutgreiingar

Forslagstillar/plankonsulent:

Jostedalsbreen AS er av den klare oppfatning av at ein må forhalde seg til dei myndigheitskrava som gjer seg gjeldande. Kravet om planprogram for det konkrete tiltaket vart teke ut av forskrifta i 2017. Handsamingsreglane skal og bør vere føreseielege. Arbeidet med konsekvensutgreiinga vil vere knytt til å avklare dei konkrete verknadene av tiltaket. Det er difor ikkje eit særskilt behov for planprogram. Dei ordinære handsamingsreglane knytt til oppstart av planarbeidet vil ivareta omsynet til samråd/medverknad, samt konkretisering av utgreiingsbehovet/vedtaksrelevante spørsmål.

Dei ordinære handsamingsreglane klargjer at planen med tilhøyrande utgreiingar skal utarbeidast med utgangspunkt i referat frå oppstartmøtet, innspel til varsel om oppstart og føringane i kap. 5 i forskrifta om konsekvensutgreiingar. I samsvar med §§ 20 og 21 i forskrifta om konsekvensutgreiingar vert det lagt til grunn at utgreiingsarbeidet vert avgrensa til temaa der planen kan få vesentlege verknader, samt at utgreiingane vert basert på tilgjengeleg informasjon. I høve naturmangfald vert det lagt opp til feltarbeid/kartlegging.

Gjennomgangen i notatet med vurdering av utgreiingsplikt har identifisert, at:

- I det vidare arbeidet med utvikling av prosjektet må det takast omsyn til nasjonalparken og friluftslivet. Det er i arbeidet føresett tett dialog med aktuelle styresmakter og styret for Jostedalsbreen nasjonalpark.
- For etablering av nedre stasjon er tilkomst og skred/flaum spørsmål som må ivaretakast. I tillegg kjem trafikk- og parkeringssituasjonen ved anlegget.
- For etablering av øvre stasjon vil dei viktigaste utgriingane vere knytt til landskapsvern, nasjonalparken, geologi, naturmangfold og forvalting av desse verdiane.
- I tillegg må omsynet til vind og vindpåverknad ivaretakast, etablering av infrastruktur i form av vassforsyning og avlaup, system for renovasjon samt omsynet til beredskap ivaretakast.

Ovannemnde er tema som framleggsstillar allereie ser må vurderast/utgriast i samband med detaljreguleringsplanen for gondolbana.

Omsynet til forureining og kulturminne vert ivareteke igjennom dei ordinære handsamingsreglane i forureinings- og kulturminnelova.

For å ivareta omsynet til samråd og medverknad, vert det lagt opp til særskilde møter mot regionale- og statlege styresmakter, nasjonalparkforvaltninga og turlaget.

- Planen skal legge til rette for tiltak i randområdet til Jostedalsbreen nasjonalpark og innanfor område med geologiske kvalitetar med breelvar samt kvalitetar knytt til både landskap og utøving av friluftsliv.
- Framleggsstillar si samla vurdering er at planområdet er eit område der dei særskilde utgriings- og handsamingsreglane for konsekvensutgriingar heilt klart gjer seg gjeldande.
- Det er ikkje krav om planprogram for planarbeid som vert fanga opp av § 8 i forskrifta om konsekvensutgriingar. Planen med tilhøyrande utgriingar skal utarbeidast med utgangspunkt i referat frå oppstartmøtet, innspel til varsel om oppstart og føringane i kap. 5 i forskrifta om konsekvensutgriingar. I samsvar med §§ 20 og 21 i forskrifta om konsekvensutgriingar vert det lagt til grunn at utgriingsarbeidet vert avgrensa til temaa der planen kan få vesentlege verknader, samt at utgriingane vert basert på tilgjengeleg informasjon. I høve naturmangfold vert det lagt opp til feltarbeid/kartlegging.

Planmynde:

- Prosjektet er vurdert opp i mot forskrift om konsekvensutgriing. Planarbeidet vert førebels vurdert til å ikkje verte omfatta av § 6 (planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgriast og ha planprogram eller melding) og § 7 (planar og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutgriast, men ikkje ha melding). Det er dermed ikkje automatisk krav om planprogram og konsekvensutgriing.
- Planen vil derimot etter alt å dømme bli omfatta av § 8 (planar og tiltak som skal konsekvensutgriast viss dei kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn). Dette både i bakgrunn av prosjektets størrelse, risiko for ulykker ved naturfarar og auka trafikk i område, at tiltaka ligg tett opp til eit verneområde og at det er ein del av eit viktig landskapsområde osv., der tiltaket vert vurdert å kunne få vesentleg verknad for miljø og samfunn.
- Planmyndigkeit vurderer dermed at det ikkje er tilstrekkeleg gjort greie for om planarbeidet utløysar krav om konsekvensutgriing i gjeldane planar, noko som også med stor sannsyn vil være overordna myndigheiters vurdering, slik at å forsøke å vise til eldre gjeldande planar ikkje er vegen å gå, og at ein uansett må gjennomføre ei KU-vurdering av aktuelle tema. Om tiltakshavarar ynskjer å starte

planarbeidet før kommuneplanens arealdel vert vedtatt, vert det dermed stilt krav om konsekvensutgreiing, samt krav om utarbeiding av eit planprogram.

- I eit prosjekt av denne størrelsen er det særleg viktig å i ein tideleg fase få ei politisk handsaming og vedtak på kva planen skal vurdere, noko ein kan få gjennom eit planprogram, samt vurdere aktuelle tema for som kan få vesentleg verknad for samfunn og miljø, slik at ein kan gjere ein verdivurdering, kartlegge påverknad og ev. sette krav til avbøtande tiltak. At dette er eit prosjekt med sterke interessekonfliktar understrekar også viktigeita av å køyre ein politisk handsaming tidleg i planfasen, slik at ein fyrt og fremst får ei avklaring på om ein skal gå vidare med prosjektet, før ein gjennom eit planprogram får vurdert tema som kan få vesentleg påverknar på samfunn og miljø, samt vidare utgreia disse gjennom ei konsekvensutgreiing.
- Kommunen vurderer at det er tema som kan få vesentleg konsekvensar for samfunn og miljø, og såleis bør utgreiast særskilt. Dette er førebels vurdert til å være:
 - Landskap og -tilpassing – tiltakets påverknad på eit lokalt- og nasjonalt viktig kulturlandskap
 - Nasjonalpark – tiltakets påverknad på Jostedalsbreen nasjonalpark, samt vurdering av alternative plasseringar i høve naturmangfaldslova
 - Samfunnstryggleik – auka ferdsel/turisme i eit område med fleire naturfarar, trafikkfare og redning
- Kommunen ettersender skriftleg grunngjeving knytt til avklaring/konklusjon om krav om planprogram og KU tema, sett i samanheng med politisk avklaring om planoppstart og eventuelle vilkår til planarbeidet

C. Planprosess

Forslagstillar/plankonsulent:

- Kommuneplanen opnar opp for planlegging av samband mellom Lundebotn og Tverrfjellet.
- Framleggsstillar/Jostedalsbreen AS kan ikkje lastast for at bandlegginga ikkje er forlenga. Politiske vedtak i høvesvis 2017 og 2021 synleggjer tydleg at intensjonen om etablering av samband står ved lag.
- Bandlegginga synleggjer tydeleg at det er sambandet mellom Lundebotn og Tverrfjellet som er prioritert i området, gjennom at bandlegginga i praksis er eit forbod mot å starte arbeid med tiltak som kan vanskeleggjere seinare planlegging og etablering av sambandet Lundebotn/Tverrfjellet.
- Det kommunale kravet om planprogram er ikkje heimla. Omsynet til samråd/medverknad er ivareteke gjennom dei ordinære handsamingsreglane i plan- og bygningslova samt forskrifter om konsekvensutgreiingar.

Planmynde:

- Planen må uansett opp til politisk handsaming, i bakgrunn av at formålet ikkje er i samsvar med overordna plan, samt at planmynde ynskjer å sette vilkår om planprogram. Dette for å få ein føreseileg planprosess mellom planmynde og forslagstillar, samt kommunen og andre offentlege instansar, andre interessentar osv.

D. Tilhøve til gjeldande planar

Forslagstillar/plankonsulent:

- I perioden 2014 - 2022 har det føregått ei vidareutvikling av prosjektet. Målet om etablering av samband mellom «fjord og bre» er det helde fast på. Plasseringa er ikkje endra. Tiltaka i Lundebotn og Tverrfjellet vil i prinsippet vere dei same, men med eit samband som er endra frå tunnel på mellom 9 og 11 km til gondol med eit mastepunkt. Jostedalsbreen AS er av den klare oppfatninga at tiltaket ikkje er vesentleg endra. Skilnaden er i prinsippet at eit større massedeponi på minst 500.000 m³ vert endra til ei bane. Jostedalsbreen AS vurderer dette til å vere ei justering for å tilpasse tiltaket til situasjonen i området, samtidig som produktet/reiseopplevelinga vert forbetra.

E. Kan kommunen rå til oppstart?

Forslagstillar/plankonsulent:

- Jostedalsbreen AS tillét seg å syne til at det administrative styringsverktøyet er gjeldande kommuneplanen med tilhøyrande føreseigner/arealbruk/utviklingsstrategiar. Planen skal vere føreseieleg. Sambandet «fjord til bre» er framheva både under innleiinga i planomtala der formålet med kommuneplanarbeidet er omtalt, samtidig som det er fyldig omtalt i planomtalen. Både i 2017 og 2021 er det gjort politiske vedtak som har hatt til siktemål å trygge sambandet mellom fjord og bre. Kommuneplanen og vedtaka i 2017/2021 bør vere avklarande. Særskilt handsaminga av planspørsmålet står fram som unødvendig.

F. Omtale av planområdet

Forslagstillar/plankonsulent:

- Riksveg 5 er sett av som noverande samferdsleanlegg.
- Arealet mellom Lundebotn og Tverrfjellet er LNF-område, supplert med omsynssone – bandleggingsområde for regulering etter føresegnene i plan- og bygningslova. Bandlegginga er formelt utløpt (4 år og ikkje søkt forlenga), men det ligg føre politiske vedtak frå 2017 og 2021 som klart gjev til kjenne at ein har hatt forståing av at kommuneplanen opnar for planlegging av samband mellom fjord og bre. Det må difor leggast til grunn at bandlegginga er utløpt som følgje av mangefull kommunal rettleiing av Jostedalsbreen AS. Jostedalsbreen AS føreset at kommunen forvaltar bandlegginga som om den er vidareført.
- Av retningslinjene til planen går det fram at det bør utarbeidast ein plan som samordnar utviklingsplan i området, der omsynet til reisemålsprosjektet i Kjøsnesfjorden er særskilt framheva.
- Utviklingsprosjektet er vidare omtala både i samfunnssdelen og arealdelen til kommuneplanen (Jølster kommune). Ein syner i den samanheng til kapitel 3 og 6 i planomtala til arealdelen.
- Det må understrekast at bandlegginga har til formål å sikre området mot tiltak som kan gjere vanskeleg planlegging/prosjektering av det prioriterte tiltaket i kommuneplanen (her sambandet mellom Lundebotn og Tverrfjellet).
- Bandlegginga har karakter av «tiltaksforbod», med mål om å sikre at det prioriterte planarbeidet som femnar om samband mellom fjord og bre kan gjennomførast.
- Gjennom utviklingsstrategien i arealdelen med tilhøyrande bandlegging og retningslinje i kommuneplanen, er det understreka at samfunnomsyna i området er knytt til tilkomsten frå Lundebotn - Tverrfjellet (frå fjord til bre).

2. Viktige tema for utgreiing i planarbeidet

Viktige tema som føreset særskild utgreiing/vurdering av forslagsstiller.

Med fokus på tema der kommunen har konkrete krav eller anbefalingar, er skeptisk eller tema som krev utgreiingar eller avklaringar. Liten skrift i parentes er døme på tema/vurderingar som kan kommenterast nærmere i merknadskolonnen. Her kan kommunane også skrive inn kommentarar knytt til tema, t.d. lovkrav eller føresegner/retningslinjer i kommunale planar og vedtekter som skal leggast til grunn

Generelt

Generelle vurderingar (hovudinntrykk av planarbeidet)

Forslagsstillar og plankonsulent har arbeida lenge og detaljert med planarbeidet for å få avklart om det er mogeleg å gå vidare med prosjektet (tryggleik/veg), før det har vert avhald oppstartsmøte med kommunen, der ein skal fastsette rammer og vilkår for planarbeidet osv. Det er forsøkt å få botnstadionen til gondolbaneprosjektet med tilhøyrande tilkomst og parkering inn som del av SVV sinn detaljreguleringsplan for Rv.5 Lunde- Fjærlandstunnelen i samsvar med vedtak gjort av formannskapet i 2017/2021, utan at dette har lykkast. Arbeidet er elles av det kommunen kan sjå nøye utført, og mykje kan truleg nyttast vidare i planarbeidet.

Føremål (er areal og lokalisering eigna for føremålet?)

Etablering av ein gondolbane på den aktuelle lokaliteten kan bli spektakulært, med utsyn over Kjøsnesfjorden og mot Jølstravatnet, men det er knytt mange farar og problemstillingar knytt til lokaliseringa. Avkjøring til førespegla botnstadion i nedre tiltakssone er knytt til ei strekning på rv.5 med trafikktryggleiksproblem og fleire naturfarar, og toppstasjon ligg heilt opp til grensa til Jostedalsbreen nasjonalpark.

Planområdet

Generelle vurderingar (framtidig utvikling av området, infrastruktur, grønnstruktur, senterområde, områderegulering)

Kommunen har ingen førebelse kommentarar til planavgrensinga, då forslagstillar har argumentert for at tiltak som følgje av planen vil ligge innanfor planens avgrenningsområde.

Alternativ (tilkomst, føremål, bygnadsstruktur, lokalisering)

Bygnad og bygnadsstruktur

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Bygnad og byform (Er utforming og byggehøgder i høve terrenget og landskap vurdert? Høgdedrag og landskapssilhuettar, Råd: Om ein ønskjer detaljerte føresegner knytt til takvinkel, storleik, utsjånad, høgde og liknande. bør desse ta høgde for framtidige endringar	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Bygnad tilpassa terrenget og landskap. Aktuelt som del av KU-tema.
Arkitektur, estetikk og kvalitet (form, struktur, funksjon, uttrykk, tilhøvet til staden, landskapet og strøkskarakteren)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Bygningar bør tilpassast staden og landskapet. Aktuelt som del av KU-tema.
Bygnadsstruktur	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt

Fjernverknad, nærverknad (plassering i terrenget, terrenghformasjoner)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.
Utnyttingsgrad (type, volum, eksisterande nærområdet)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt
Terrenget (Vurdering av bygnad i høve eksisterande terrenget, endring av terrenget, verknad)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.
Lokalklima (vind, sol, terregndrag)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.
Energiløysingar (energiforsyning –fjernvarme, vassboren varme, fornybar energi, passivhus, plusshus, takform, plassering/klima)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Førespegla bruk av fornybar energi. Eksisterande infrastruktur i området, som ein truleg kan koble seg til.

Bruksføremål

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Bustader/fritidsbustader	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Ikkje aktuelt
Næring/handel/kontor	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Reiselivsnæring
Kollektivknutepunkt	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	

Grønstruktur og landskap

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Landbruk (areal i drift, kjerneområde, potensial, omdisponering, arealtap, konfliktar)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Beskrive dagens bruk, og ev. verknadar tiltaket kan få for landbruket i området. Potensielle arealtap eller konfliktar?
Biologisk mangfold (skal kommenterast i alle saker, jf. naturmangfaldlova)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Skal kommenterast i alle saker, jf. naturmangfaldlova.
Grønstruktur (samanhengande soner til eksisterande grønstruktur, sjø og vassdrag)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Friluftsliv (verdi, dagens bruk, potensial, stiar, grønkorridør)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Noregs fyrste patenterte tursti. Bruk og verdi av dagens friluftsområde. Aktuelt som del av KU tema.
Landskap (naturlandskap, hovuddrag, fjernverknad)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Aktuelt KU tema
Terregngbehandling og massebalanse	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Kva terregngendringar vil etablering av bygningar og anlegg medføre. Førespegla bruk av stadeigen masse, og dermed masseballanse.
Uteoppahaldsareal (felles, privat, mengde, areal, kvalitet, plassering i feltet)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.

Samferdsle

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	

Trafikk (type trafikk, veg-/gatestandard, kryss, tilkomst, stigning, tilgjenge til kollektivtransport, byggegrense)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Avkøyringar, tilkomstveg til botnstasjon, vegstandarar. Avstand på byggegrense langs veg skal vurderast.
Trafikktryggleik (skule/barnehage, leike-/oppholdsareal, busshaldeplass, servicefunksjonar, utrykkingskøyretøy)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Tiltaket legg opp til auka ferdsel i området, og ein må skilje mellom køyrande og gåande, gode overgangar osv.
Parkering (behov, kommunal norm, kantparkering, soneparkering, kommunale parkeringskrav)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Tilstrekkeleg parkeringsplassar for personbilar, bussar osv.
Fortau, gang- og sykkeltrafikk (skuleveg, snarvegar, tverrsnitt, sykkelparkering)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.
Kollektivtrafikk (avstand, busslommer, tilgjenge for alle)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Oppstillingsplass til bussar

Born og unge

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Skule og barnehage (tiltakets verknad på kapasitet)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Born og unges interesser (barnetråkk, dagens bruk, potensial, erstatningsareal) (NB! skal kommenterast i alle saker)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Må kommenterast. Førespeglar opplæring om bre og klimaendringar, kopling med bremuseet i Fjærland
Leike- og oppholdsareal (storleik, type, kvalitet, trafikktryggleik, tilgjenge for alle, årstider, rekjkjefølgjekrav)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	

Verneverdige kulturminne

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Kulturminne (enkeltoobjekt, bygningar, anlegg, steingard, vegfar, teknisk, industrielt, automatisk freda, SEFRAK)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Noregs fyrste patenterte tursti m.m.
Kulturmiljø (der kulturminne inngår i ein større heilskap, bygningsmiljø)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.
Kulturlandskap	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Aktuelt KU tema

Risiko og sårbarheit

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Risiko og sårbarheit (jf. DSB sin rettleiar)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.
Forureining (luft, grunn, vatn)(gjeldande forskrifter må leggjast til grunn)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.
Støy (Jf. T-1445, sone, type, skjerming)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.
Geotekniske tilhøve (ras, skred, fundamentering)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.
Flaum (lavliggande område, elv /bekkefar)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.
Lokalklima (vind, sol/lys, nedbør)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.

Samfunnstryggleik (Ekspljosjonsfare, farlig stoff, elektromagnetisk felt, ulykke, utrykking)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.
Brann (tilkomst, stigebil m.m.)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Innhentast brannfagleg uttale frå kommunen. Ev. dialog mellom plankonsulent og brannsjef må omtalast ev. ved eige vedlegg.

Nærmiljø

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Nabotilhøve (sol, utsikt, innsyn, støy)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Levekår (storleik på leiligheter, bukvalitet, minimumsløysingar, avbøtande tiltak)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Tilføre nærmiljøet nye / betre kvalitetar (mangelfulle kvalitetar, grønnstruktur, gang- og sykkeltilknyting, støyskjerming, trafikksikkerheit)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.
Bygge- og anleggsperioden (støy, trafikksikkerheit, riggområde)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.

Helse

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Universell utforming (Stigning, tilpassa bueiningar)(krava i TEK17 og Norsk standard gjeld)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.
Kriminalitetsførebyggande omsyn (potensielle gjerningsstader, lyssetjing, oversiktlege og inkluderande bumiljø,)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Ikkje aktuelt
Folkehelse (beskytte mot risikofaktorar og fremme faktorar som verkar positivt på helse og livskvalitet, motverke helseskilnader)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.

Sjø og vassdrag

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Vassdrag (byggegrense, bekk/elv, nedslagsfelt, 100-m belte, økologisk tilstand)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.
Sjø (byggegrense, naust, hamn, økologisk tilstand)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Ikkje aktuelt
Sjøfront (offentleg tilgang, minimum byggehøgde)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Ikkje aktuelt
Status i vassdirektivet (vassresurslova)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.

Kommunaltekniske anlegg

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Vatn og avløp,	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	

(kommunen sin VA-norm, forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg, forureiningsforskrifta, kapasitet på eksisterande anlegg, uttale frå VA-etaten, utbyggingsavtale)			Aktuelt. VAO-rammeplan Overvatn reknast i høve prognosar som for Sandsli med 40% klimapåslag og med 200-års gjentaksintervall.
Overvasshandtering (handtering av overvatn)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. VAO-rammeplan
Renovasjon (areal, teknisk løysing, lokalisering)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Handtering av avfall. Tilstrekkele areal, teknisk løysing og lokalisering
Kommunal overtaking tekniske anlegg	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Kan være aktuelt.
Sløkkjevatn (utstyr)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Må være tilfredstillande sløkkevatn ved start. Vert sett i samanheng med innhenting av brannfagleg uttale osv.

Reguleringsføresegner

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Rekkefølgjekrav (aktuelle, sannsynlege)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Usikkert. Vert vurdert.
Utbyggingsavtalar (pågående arbeid)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Ikkje aktuelt
Økonomiske konsekvensar for kommunen (bygging og drift av vegar, VA-anlegg, skular, barnehagar, uterom, leikeareal)			Aktuelt. Må kommenterast. gjerast ei vurdering på kva økonomiske konsekvensar tiltaket kan få for kommunen

Kart

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Kartgrunnlag (koter, eigedomsgrenser, bygnad)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Koter, eigedomsgrenser og bygnad må kome tydeleg fram i kart.
Eigedomstilhøve (uklare grenser, eigartilhøve, kartforretning)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Eigedomstilhøve må kommenterast, og ev. uklare grenser må klarerast.
Planavgrensing (tilgrensande planar, vegar, vegkryss, ubebygde tomter, heile delområde)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt.

Prosess

	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Behov for tiltak utover lovens minstekrav (høyningsinstansar, interessegrupper, infomøte eller annan medverknad)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Ved eit planprogram vil høyningsinstansar, interessegrupper osv. få høve til å utale seg om planarbeidet. Tiltaket har truleg stor offentleg interesse, og det bør bli arrangert møte med aktuelle interessentar/grupper.
Undervegsmøte	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Aktuelt. Truleg behov for fleire undervegsmøter.
Parallel sakshandsaming (jf. pbl §§ 1-7, 12-15 og 21-4)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Ikkje aktuelt.

3. Varsel om oppstart av reguleringsarbeid

- Forslagsstilla er gjort kjend med at forslag til plangrense, SOSI format, skal sendast til kommunen for kontroll og ev. justering før melding om oppstart.

Varslet skal innehalde:

- Oversiktskart der planområdet er markert (jf. pbl §12-8 siste ledd)
- Kart 1:1000 – 1:5000 med planavgrensning
- Kort orientering om eksisterande og framtidig planstatus og føremål med planen
- Referat fra oppstartsmøte
- Varsling om ev. parallel handsaming av rammesøknad (jf. pbl § 1-7, føresett at planen er i samsvar med overordna plan)
- Ved planframlegg med krav til konsekvensutgreiing skal planprogrammet leggjast ut til høyring samstundes med varsling av oppstart av planarbeid

4. Krav til innlevert planforslag – innhald og materiale

- Plankart, jf. "forskrift om kart, stadfest informasjon, arealplan og digitalt planregister", 01.07.09, § 9, nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister. Sosi-kontroll skal følge ved planframlegget.
I tillegg til nytt plankart skal det også vere eit vedlegg som viser nytt planframlegg i høve gjeldande reguleringsplanar som grensar til området.
- Reguleringsføresegner (jf. pbl § 12-7 (uttømmande)). Leverast i word- og pdf-format.
- Planomtale (jf. pbl § 4-2, skal omtale planen sitt føremål, hovudinhald og verknader, samt planen i høve rammer og retningslinjer som gjelder for området).
- Samfunnstryggleik og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), jf. pbl § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitstilhøve som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og ev. endringar i slike tilhøve som følgje av planlagt utbygging. Sjå DSB sin rettleiar om «Samfunnsikkerhet i arealplanlegging» og NS 5814 1 «Krav til risikoanalyser».
- Innkomne merknader og uttalar (med notat som oppsummerer og kommenterer desse. Skal inngå som ein del av planomtalen).
- Rammesøknad (dersom samtidig handsaming av plan- og byggesak jf. pbl § 1-7).
- Illustrasjonar (terrengmodellar, 3D-illustrasjonar, landskapsanalysar, perspektiv/fotomontasjar m.m.). Det skal leverast 3D-illustrasjonar som viser øvste ramme i volum og bygningshøgde (boks) saman med omkringliggende landskap.
- Kopi av varselbrev og annonsetekst
- Viktige tema for denne planen, jf. kap. 2 i referatet.
I utgangspunktet skal alle tema vere med i planomtalen. Dette for å synleggjere kva tema som vert **sjekka ut** som ikkje relevante og kva tema som er relevante og dermed må følgjast opp vidare i plankart og føresegnar

I etterkant av møtet sender kommunen utfyllande informasjon til forslagsstilla om viktige tema for denne planen. T.d. link til fagsider om ulike tema.

5. Vidare framdrift

- Tiltaket utløyer krav om utbyggingsavtale. Skal avklarast slik: Klikk her for å skrive inn tekst.
 - Avgrensing av området er gjennomgått. Kommunen si tilråding: Kommunen er positiv til forslag til planavgrensning.
 - Ev. revidert planavgrensning skal sendast kommunen etter oppstartsmøtet. Klikk her for å skrive inn tekst.
 - Forslag til namn på planen skal sendast til kommunen etter oppstartsmøte, og kommunen tildelar planident. Forslag til plannamn er; Detaljreguleringsplan Jostedalsbreen Gondol.
 - Forslag til namn på vegparseller skal sendast kommunen etter oppstartsmøte for handsaming etter lokal adresseforskrift.
 - Det er ikkje tilfredstillande kartgrunnlag i området og forslagsstillaar må sørge for å utarbeide naudsynt kartgrunnlag tilpassa planen før planforslaget kan utarbeidast (høgdekoter, bygningar m.m.)
 - Plangrensa skal følgje heile/deler av oppmålte eigedomsgrenser. Eksisterer ikkje oppmålte eigedomsgrenser, skal forslagsstillaar så langt det er naudsynt sørge for å klårlegge desse i samråd med naboar.
 - Forslagstillaar er gjort kjend med rettsvirking i pbl sin § 12-4 der det heiter:

«*Er bygge- og anleggstiltak som hjemles i plan fremmet med bakgrunn i privat reguleringsforslag etter § 12-11, ikke satt i gang senest ti år etter at planen er vedtatt, skal kommunen før avgjørelse av byggesøknad for nye utbyggingsområder etter planen, påse at planen i nødvendig grad er oppdatert. Tiltakshaver er ansvarlig for å skaffe nødvendige opplysninger og dokumentasjon for kommunens vurdering.*»
 - Det er ønskeleg med «undervegsmøte» kor ev. innkomne merknader og uttalar, og forslagsstillaar sine førebelse skisser og framlegg vert gjennomgått.
 - Det er informert om gebyrregulativ for handsaming av reguleringsplanar og konsekvensutgreiing.
- Gebyret skal sendast til følgjande adresse:
- Namn/firma: Jostedalsbreen AS
Ev. kontaktperson: Ola Fugle
Adresse: Jølstravegen 3264
Postnr./Postadresse: 6843 Skei i Jølster
- Kartdata må tingast av forslagsstillaar. Naboliste og liste over offentlege høyningsinstansar kan tingast hjå kommunen (adresseliste).
- Planforslag og annan dokumentasjon skal sendast kommunen på denne adressa:
E-postadresse: postmottak@sunnfjord.kommune.no
Postadresse: Sunnfjord kommune, Postboks 338, 6802 Førde
- Framdriftsplan
Overordna framdriftsplan
 - Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gjeve så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Korkje oppstartsmøtet eller referatet gjev rettar i den seinare sakshandsaminga. Krav frå andre offentlege mynde, nabokonfliktar m.v. vil kunna føra til endra planførerestnader.

Stad og dato: Førde, 31.08.2022

For kommunen: Patrick Langeland